



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep.
0032 Oslo

Vår dato:
05.06.2020

Vår ref:
2018/8977

Dykkar dato:
Dykkar ref:

Kontakt saksbehandlar
Rune Lian, 51568754

Oversending kommuneplan Randaberg for endeleg avgjerd

Vi viser til oversending frå kommunen datert 21.4.2020.

Bakgrunn for saka

Kommuneplan for Randaberg 2018-2030 var på høyring frå 13.09.2018 til 7.12.2018. Forsvarsbygg, Avinor, Statens vegvesen, Rogaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Rogaland hadde motsegner til planen.

Etter drøftingsmøte den 15.2.2019 og meklingsmøte den 24.4.2019 er det berre motsegner frå Forsvarsbygg og Fylkesmannen i Rogaland til utlegging av areal til akvakulturanlegg utanfor Alstein som ikkje er løyst.

Fylkesmannen har motsegn til det aktuelle akvakulturanlegget med bakgrunn i manglar ved konsekvensutgreiing (KU) knytt til naturverdiar og manglar ved risiko- og sårbarheitsanalysen (ROS).

Forsvarsbygg har motsegn til det aktuelle akvakulturanlegget som følgje av konflikt med skyte- og øvingsfelt i sjø. Desse er omtala under, og blir med dette sendt til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) for endeleg avgjerd.

Kommunen sende i brev av 29.10.2019 dei uløyse motsegna til kommuneplan til Rogaland fylkeskommune jamfør rundskriv T-6/87. Denne ordninga er avslutta og avløyst av rundskriv H-2/14 og kommunen sende motsegna til Fylkesmannen i Rogaland i brev av 21.4.2020 for oversending til KMD. Fylkeskommunen har ikkje kome med uttale/vurdering til motsegna.

Manglande omsyn til Forsvarets skyte- og øvingsfelt i sjø - motsegn frå Forvarsbygg

Forsvarsbygg fremma i si uttale av 3.12.2018 motsegn til kommuneplanen ut frå at Forsvarets interesser i sjø ikkje var godt nok tatt i vare. Forsvaret har skyte- og øvingsfelt i sjø og kommuneplanforslaget til offentleg ettersyn hadde ikkje tatt tilstrekkeleg omsyn til desse.



I dokumenta til planforslaget er felta synleggjort dels i føresegn (jf. pkt.15.1) og ved hjelp av temakart, samt gjennom ein kort omtale i planskildringa. For at Forsvaret si verksemd knytt til desse felta skal vere tilstrekkeleg tatt i vare, må dei få ei tydelegare føresegn som sikrar forswarets aktivitet, samt hindrar nyetablering av faste sivile installasjonar eller verksemd som vil kunne hindre Forsvaret å utnytte felta som føresett.

Forsvarsbygg ber om at føresegna vert formulert slik:

«Innenfor området avsatt til skyte- og øvingsfelt for forsvaret, jf. temakart datert xxxx, tillates skyte- og øvingsaktivitet for Forsvaret. Innenfor området avsatt til skyte- og øvingsfelt for Forsvaret tillates ingen nye faste installasjoner eller virksomhet som vil kunne forhindre Forsvarets skyte- og øvingsaktivitet»

Vidare må temakartet gjerast juridisk bindande. Temakartet må ha tittel, teiknforklaring, datering og nummerering, slik at det har gjensidig verknad til andre plankart.

Kommunen vedtok i kommuneplanutvalet 24.1.2019 å gjere temakart juridisk bindande gjennom føresegn. Kommunen valte å ikkje legge inn føresegna slik Forsvarsbygg foreslo, men la inn ei moderert føresegn om at område for bruk og vern av sjø og vassdrag og område for kombinerte føremål i sjø og vassdrag, kan nyttast som øve- og skytefelt for Forsvaret slik desse er vist i temakart.

Vedtaket blei sendt Forsvarsbygg. Den 20.6.2019 blei kommuneplan eigengodkjent med unntak av område for akvakulturanlegg (uløyst motsegn frå Fylkesmannen). Etter eigengodkjenning kom det og fram at Forsvarsbygg si motsegn ikkje kan trekkast.

Det blei gjennomført drøftingsmøte mellom kommunen, Forsvarsbygg og Fylkesmannen i Rogaland 20.8.2019 kor det ikkje blei semje mellom kommunen og Forsvarsbygg. Forsvarsbygg viste til at motsegna berre kan trekkast dersom kommunen tar inn Forsvarsbygg sitt forslag til føresegn i sin heilheit. Det blei semje om at det ikkje var tenleg med meklingsmøte da Forsvarsbygg ikkje har moglegheit for å gjere eit kompromiss. I kommunestyre 19.9.2019 blei det gjort vedtak om at kommunen ikkje kjem Forsvarsbygg si motsegn i møte når det gjeld formulering av føresegna. Saka må difor sendast til KMD for endeleg avgjerd.

Kommunen kommenterer motsegna frå Forsvarsbygg i oversendingsbrev av motsegna til KMD. Kommunen har i kommuneplan lagt inn Forsvarets skyte- og øvingsfelt i sjø og gjort desse juridisk bindande etter plan- og bygningslova for arealbruken. Kommunen har likevel ikkje lagt inn føresegna slik Forsvarsbygg har vist til. Kommunen viser til at forslag til føresegn frå Forsvarsbygg vil hindre etablering av akvakulturanlegget (VA) ved Alstein sidan dette anlegget ligg innanfor skyte- og øvingsfelta. Vidare viser kommunen til at Forsvarets skyte- og øvingsfelt meir eller mindre dekker heile kommunen sitt sjøareal og at ei slik føresegn vil gjere at det ikkje er mogleg å etablere akvakulturanlegg i kommunen.

Kommunen viser til at det har vore dialog med Forsvarsbygg ved oppstart av kommuneplanarbeidet i 2015 kor Forsvarsbygg melde i frå om at dei arbeidde med å gå igjennom alle skyte- og øvingsfelt. Dette arbeidet var forventa ferdig i 2016. Arbeidet er ikkje avslutta, men utvida for å sjå heile Noregs kyst i samanheng. Kommunen viser og at dei har fått tilbakemelding frå Forsvarsbygg om at to av skytefelta (R6 og R8) ikkje har vore i bruk på lang tid og det er sannsynleg at desse skal frigjevast.

Kommunen har forståing for at det er behov for å kartlegge og vurdere alle skyte- og øvingsfelt, men dette som tilsynelatande er ut i frå eit «føre-var»-prinsipp, bind opp mykje areal og avgrensar



kommunen si arealbruk i sjø. Kommunen meiner det og er eit prinsipielt spørsmål om Forsvarsbygg har høve til å få lagt inn areal til skyte og øvingsfelt utanfor ordinær planprosess ut frå prosessreglane plan- og bygningslova med konsekvensutgreiing. Det vert bedt om at KMD vurderer dette.

Fylkesmannen si vurdering av Forsvaret si motsegn

Gjennom rettleiaren «Forsvarets arealbruksinteresser i arealplanleggingen» går det fram at skyte- og øvingsfelt i sjø skal ivaretakast i kommuneplanen sin arealdel gjennom omsynssoner etter pbl § 11-8. Forsvarsbygg har vist til dette i sitt innspel til oppstartsvarselet.

Fylkesmannen er samd med kommunen i at føresegna som Forsvarsbygg krev, vil hindre etablering av nye faste installasjonar innanfor eit stort område av kommunen sitt sjøareal. Med unntak av nye havbruksinstallasjonar er bygg og installasjonar i desse områda lite aktuelt. Kommunen pliktar å ivareta nasjonale forsvarsinteresser og Fylkesmannen ser ikkje at den føresegna Forsvarsbygg krev, vil få særleg tyngande følger for kommunen ut over spørsmålet om ny akvakulturaktivitet. Områda kan framleis nyttast til sivil aktivitet som farlei, fiske og friluftsliv når det ikkje er militær aktivitet der.

Vidare er Forsvarsbygg i prosess med å avklare sin framtidige bruk av området. Det vil derfor komme ei avklaring på om området som skyte- og øvingsfelt skal gå ut eller om det framleis skal eksistere. Dersom det blir etablert akvakulturanlegg eller anna sivil installasjon innanfor området, vil dette kunne føre til at Forsvaret sin bruk av området blir redusert før det er gjort ei avklaring på om Forsvaret faktisk har bruk for området i si verksemd. Dette taler for at inntil Forsvarsbygg har avklara si bruk av området, bør det ikkje tillatast nye installasjonar i området.

Fylkesmannen **rår til** at motsega frå Forsvarsbygg blir **tatt til følgje** for å ivareta nasjonale forsvarsinteresser. Vi ber KMD sjå på planprosessen kring denne motsega og samvirket mellom plan- og bygningslova og særlovverket som skal ivareta forsvarsinteressene.

Akvakulturanlegg ved Alstein – motsegn frå Fylkesmannen i Rogaland

Arealforslaget har inne eit område for akvakultur på om lag 350 dekar. Arealet er ikkje vist i tidlegare plan.

Fylkesmannen fremja motsegn til det aktuelle akvakulturanlegget. Vi peika på at det er store natur- og landskapsverdiar i området. Sjølv om ikkje sjølege område for akvakultur er verna, ligg området tett opp til Jærstrendene landskapsvernombord med fuglefredning (Ramsar-område). I ein regional samanheng (jf. NML - naturmangfaldlova § 10 og § 49) kan akvakultur her gi uheldige verknadar for landskap, fugleliv og naturverdiar i sjø og eit auka trykk frå genetisk innblanding og lakselus på vill laks og sjøaure i både Ryfylke mot aust og Jæren og Dalane nasjonale laksefjord mot søraust. Sistnemnte nasjonale laksefjord er i dag heilt utan akvakultur. Området for akvakultur er også svært utsett for hardt ver som vil gi utfordringar for blant anna av-lusing og rømming. Vi meiner at konsekvensane for miljøverdiane samla sett vil kunne bli uforsvarleg store med eit anlegg for akvakultur i dette området (jf. §§ 9 og 10 NML). Til orientering er det gitt konsesjonar i liknande eksponerte lokalitetar lenger nord i Ryfylkebassenget. Desse er så langt ikkje sett i drift; i følge næringa på grunn av krevjande sjø-tilhøve.

Kommunen viser i oversendinga til at kommunen ønsker å legge til rette for akvakultur. Dei viser til at det i nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging er lagt vekt på at det er kommuneplanar ein skal legge til rette for ønskja vekst i oppdretts- og havbruksnæringa.



Kommunen peiker på at havbruk er styrt av eit sektorisert regelverk. Gjennom kommuneplanen skal kommunen ta stilling til om det er ønskeleg med havbruk på eit prinsipielt nivå og må vekte fordelar og ulemper ved å legge til rette for havbruk. Kommunen meiner at det gjennom utgreiingane til kommuneplan kjem fram at lokaliteten har lågt konfliktnivå. Så må ein gjennom konsesjon, som ligg utanfor kommunen si myndighet, ta stilling til om det skal tillatast havbruk og kva rammer verksemda skal ha.

Kommunen meiner at Fylkesmannen si motsegn er vanskeleg å handtere når det blir peikt på behov for meir utgreiing utan at det blir følgt opp med kva meir utgreiingar det er behov for. Motsegna opplevast derfor som lite konkret. Kommunen meiner arealinnspelet er tilstrekkeleg utgreidd for å legge det inn i kommuneplan no.

Fylkesmannen si vurdering

Ikkje alle kommunar har geografiske fortrinn som gjer at dei kan ha akvakultur i form av lakseoppdrett. Så langt har dette vore lite aktuelt for Randaberg ut frå driftsformene i akvabransjen. Randaberg har eit lite landareal og relativt sett store sjøareal som er naturleg svært várutsette, tilsvarende som for kommunar vidare sørover langs Jærkysten/Dalane, med nasjonal laksefjord og internasjonale verneverdiar. Saka vil såleis kunne ha presedensverknad.

I kommuneplanprosessen skal det gjerast ei avveging mellom interesser og det er her vi meiner at konsekvensane for andre interesser i området ikkje er tilstrekkeleg vurdert og veklagt. Som vi har peikt på i vår uttale til kommuneplan til offentleg ettersyn, er det store regionale og nasjonale interesser i området knytt til laks og sjøaure, ansvarsartar i sjø og på land og landskapsinteresser knytt til landskapsvernområde samt fuglefreding med Ramsar-status. Omsynet til desse interessene må avklarast som ein del av kommuneplanen.

I meklingsmøtet opna vi for at kommunen kan vurdere akvakulturanlegg i området ved neste revisjon av kommuneplan, når teknologiutviklinga innanfor akvakulturnæringa har kome lengre med omsyn til lukka sjøanlegg med kontroll på utslepp, av-lusing og rømming. Vi held fast på dette då vi meiner at eit konvensjonelt anlegg i dette området ikkje kan foreinast med omsynet til internasjonale, nasjonale og regionalt viktige natur-, miljø- og landskapsinteresser. Vi syner i så måte til naturmangfaldlova §§ 9, 10 og 12.

Fylkesmannen rår derfor til at vår motsegn blir tatt til følge.

Lovligheitsklage til vedtak av kommuneplan

Vi vil også minne om at det er fremma lovligheitsklage på kommunen sitt vedtak om å ikkje ta vår motsegn til følge. Vi viser her til dykkar sak 19/5374-2 kor departementet vil gjere lovlegkontroll samtidig som behandling av motsegn.

Vedlegg

Relevante dokument blir ikkje lagt ved dette brevet, men lasta opp i fildelingsløysing. Her er link til dei aktuelle dokumenta:

<https://departementene.sharepoint.com/:r/sites/iaogby/Dokumenter3/Kommuneplan%20Randaberg%202018-2030%20>



%20Oversending%20av%20ul%C3%B8ste%20innsigelser?d=w2a04e90e698e44ed8cf0e36b963f1715&csf=1
&web=1

Følgjande dokument er lasta opp:

Vedlegg nr.	Skildring
1	1-Oversendelse uløst innsigelse kommuneplan Randaberg kommune 2018 - 2030 til KMD
2	2-Oversendelse av uløst innsigelse til Kommuneplan for Randaberg kommune 2018 - 2030 til Kommunal- og moderniseringsdepartementet
3	3-01 Kommuneplankart datert 27.6.2019
4	4-01 Bestemmelser datert 25.6.2019
5	5-02 - KPU-sak 21_18, møte 19.4.2018
6	6-02 Møteprotokoll 19.4.2018
7	7-03 - Innsigelse fra fylkesmannen i Rogaland, datert 7.12.2018
8	8-04 - Referat fra drøftingsmøte med Fylkesmannen i Rogaland 15.2.2019
9	9-05 - Meklingsprotokoll fra mekling med Fylkesmannen i Rogaland 27.4.2019
10	10-06 - Protokoll fra KST-møte 20.6.2019, sak 32_19
11	11-07 - Innsigelse fra Forsvarsbygg, datert 3.12.2018
12	12-08 - Protokoll fra KPU-møte 24.12.2019, sak 2_19
13	13-09 - KPU møte 5.9.2019, sak 34_19
14	14-10 - Referat fra drøftingsmøte med Forsvarsbygg 27.8.2019
15	15-11 - KST-møte 19.9.2019 sak 36_19
16	16-11 KST-møte 19.9.2019 protokoll
17	17-12 - Konvensutreiing for ny oppdrettslokalitet Alstein i Randaberg kommune, 7.9.2017
18	18-13 - Temakart for Forsvarets skyte- og øvingsfelt
19	19-14 - Temakart markert med feltnavn

Vedlegg nr. 3 Kommuneplankartet er skrive ut i fire eksemplar og ligg vedlagt dette brevet til KMD. Kopimottakarane får ikke kommuneplankart tilsendt.

Med helsing

Lone Merethe Solheim
fylkesmann

Per Kristian Austbø
fungerende fylkesmiljøvernsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
FORSVARSBYGG	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO